



Magne Huglen: Ap kan gjennomføra eit skuleprosjekt raskt!

Kor lang tid tar det å byggja ein ny skule?

Uskedelingane Kjell Yri (V) og Magne Huglen (Ap) var slett ikkje samde om det då dei i føremiddag tok del i skulestrukturdebatten i kommunestyret på Husnes. Grunnlaget for replikkvekslinga dei hadde om dette var utspelet om å vurdere byggjing av ein stor felles skule på Husnes. Det galdt altså ikkje storskule i indre luten som ein kunne få inntrykk av.



Kjell Yri (i midten)er imot ein stor felles skule

Huglen sa at det var naudsynt å redusera talet på skulebygg for å skaffa kapital til å byggja ei ny og betre skule. Han tykte at de andre partia, som Venstre og Kristeleg Folkeparti, kunne akseptera Arbeidarpartiets forslag.

Til dette kom Yri med denne merknaden:

- Eg vil minna Huglen om at det tek 4 år før ein ny skule kan stå ferdig.

Huglen: - Arbeidarpartiet kan gjennomføra eit slikt prosjekt mykje raskare. Vi kan få dei tal som skal til på bordet dette året og så tek sjølve byggjinga 2 eller kanskje berre eitt år!

Yri seier i ein kommentar til uskedalen.no at han går imot byggjing av ein stor skule for indre luten. Han meiner at dei skulane som skulle inngå i den store skulen er store nok i seg sjølve. Ein annan negativ faktor er kostnaden, som truleg kjem heilt opp i 200 millionar. Venstreleiaren vil heller nytta ein slik sum til Rosendalstunet.

Yri kom ellers inn på krava frå ymse parti om fleire utgreiingar av denne saka og sa som sin mening at ho no er utgreidd nok. Det var Høgres Peder Sjø Slettebø ueinig i og peika på at ingen førebels veit kva prosjekta vil kosta.

Bjarne Berge (H) streka i innlegget sitt sterkt under det store engasjementet oppsittarane i Herøysund legg for dagen for barnehagen og skulen sin.

Førebels har debatten avslørt at fleirtalskoalisjonen truleg sprekk og at det truleg er fleirtal berre for nedleggjing av ein skule - Ølve. Det har kome 8 forslag så langt i kommunestyret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Høgrerepresentantar som ikkje vil endra skulestrukturen før han er vurdert nærmare: Gunn Mari Moberg og Bjarne Berge